

# ÅRSMØTE SIRDAL BYGDEKVINNELAG, Kvæven bygdetun, 20.10.17



Det møtte åtte (8) personar på årsmøtet.

## 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## 2. Ulike val til årsmøtet

- a) Val av møteleiar: Solveig Marie Ådneram
- b) Val av referent: Åse-Berit Fidjeland
- c) Val av eit medlem som saman med møteleiar skal underteikna protokollen: Anita Haugen

## 3. Handsaming og godkjenning av årsmelding

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, vedlegg 1, og årsmøtet godkjende ho. Det vert skrive inn eit par merknader direkte i årsmeldinga, m.a. kva gåvne til innleiarane på RBK sitt årsmøte var.

## 4. Handsaming og godkjenning av rekneskap

Rekneskapen vart godkjend av årsmøtet, vedlegg 2 og 3 (med rettingar).

## 5. Vedta budsjett for komande år

Kasserar gjekk gjennom forslag til budsjett, og det vart vedteke, vedlegg 4.

## 6. Val av nytt styre

Forslaget frå valkomiteen vart godkjent ved akklamasjon, vedlegg 5, og nytt styre er:

Åse-Berit Fidjeland:	Attval (to år)
Anita Haugen:	Attval (to år)
Tone Kvinen:	Nyval (to år)
Karine Tjørhom Myhra:	Eit år att
Solveig Marie Ådneram:	Eit år att
Eva Marianne Tennfjord:	1. vara - nyval (eit år)
May Britt Ousdal:	2. vara - nyval (eit år)
Revisor:	Anne Mette Hovland - attval for eitt år

Valkomité - dei som går ut av styret, er neste års valkomité:

Sølvi Manneråk

Gro Nilsen

## 7. Handsaming av saker som styret legg fram

Sirdal bygdekvinnelag v/Solveig Marie Ådneram har vore med på møta om **Hold Sirdal rent/Clean shore Sirdal**, der fleire organisasjonar har gått saman om å rydda i dalen saman med Sirdal kommune. Det er sett av fire dagar rett før 17. mai 2018 for å plukka søppel og der innbuarar kan meldia inn større ting (bilar, traktorar o.l.) til kommunen for fjerning. Det er nytt møte i arbeidsgruppa i november, og meir informasjon kjem etter kvart.

Årsmøtet diskuterte kva **basarinntektene 2018** kan nyttast til, og det kom inn forslag om å støtta Bahati House eller kjøpa inn hjartestartarar om det ikkje er det i Ålsheia, på Tjørhom eller i Omlid.

## **8. Innkomne saker**

Karine Tjørhom Myhra fortalte at det er vanskeleg å få ungdommar til å vera bøsseberarar på TV-aksjonen, og hadde lyst til å utfordra alle ivrige turgåarar til å stilla, men hadde ikkje gjort det. Ho føreslo at bygdekvinnelaget i alle fall burde støtta TV-aksjonen i år for UNICEF med ein pengesum, og årsmøtet vart samde om å støtta aksjonen med kr. 5000,- og oppfordra andre organisasjonar til å gjera det same.

Under forslag til aktivitetar (under), kom det fram forslag om å ha nokre arrangement på Tonstad for å få fleire medlemmar derifrå. Dette var det delte meiningar om, og me vart samde om å prøva å verva fleire, men at om ein vil vera med på noko, må ein oppsøkja det der det er. Dette gjeld anten ein bur i den eine eller andre enden av Sirdal.

## **9. Forslag til aktivitetar i 2016/2017**

- persesylyte
- ville vekstar-aktivitet i mai/juni for å plukka ramsløk, skvallerkål m.m. og laga mat etterpå (Eva)
- miljøaksjon i mai
- TV-aksjonen 2018 - bøsseberarar

25.10.16, Åse-Berit Fidjeland (referent)

---

Solveig Marie Ådneram

---

Anita Haugen